



- Deling av erfaring frå arbeidet som likeperson
- Kva kan gjerast annleis for å auke deltaking og engasjement blant medlemmar og pårørande.
- Korleis kan ein utvikle tema som blir snakka om på aktivitetar til å kunne bli samtalegrupper med erfaringsutveksling?
- Bruk av ressursar. Aktivitet for medlemmar kontra administrasjon og drift
- Smågruppeaktivitet i laget. utfordringar med relasjonar og kjensler som kjem til uttrykk. Kva rammer bør vere innanfor slike grupper?
- Forventningar. Kva gjer for høge eller lave forventningar med oss? Kva konsekvensar får dette?
- Masing og kontroll. Skjerme seg sjølv som hjelpar. Brot av avtalar. Manglande tolmod.
- Verjearbeid. Bruk av midlar. Formelle søknadar til statsforvaltar.
- Orientering/samtale om LUPE som organisasjon. Formål og organisering.
- Einsemd. Sosial tilknytning. Familie, venner, bu-forhold, fritid, flytting og arbeid
- Likepersonsarbeid under representasjon av lupe til dømes på stand der ein møter personar med ulike behov.

#### **FUNKIS-kurs:**

LUPE Møre og Romsdal har i 2025 heldt to kurs for med fylgjande tema:

- Likepersonskurs – Utvikling av likepersonar
- Likepersonskurs - Samtalegrupper som arbeidsmetode for erfaringsutveksling mellom likepersonar
- Kulturhistorisk reise til Callella

#### **Feriereise 2025**

LUPE Møre og Romsdal mottok tilskot frå BUFdir for gjennomføring av feriereise for LUPE medlemmar og nødvendige fylgje.

15 personar deltok. Vi køyrde med privatbilar. Ei natt var på hotell, elles var det overnatting på hytter.

Reisa var på 6 dagar/5 overnattingar.

Dei utviklingshemma betalte ein lav eigenandel mens nødvendig fylgje deltok gratis. Reisa var inkludert transport, overnatting, kost og aktivitet.

Å kunne delta på en slik feriereise er ei stor oppleving. Det vart en del naturlege stopp undervegs med interessante severdigheiter og litt shopping.

Vi valte ut aktivitetar som Hunderfossen, Langedrag, Tangen Zoo. Bingo og Frisbeegolf i Gol. I tillegg hadde vi fellesmåltid og fellestid samen på hytter/overnattingsstadar.

Tilbodet gjekk ut til alle LUPE medlemmer i Møre og Romsdal, og alle som ønska fekk delta. Reisa ble i hovudsak gjennomført med midlar frå BUFdir, i tillegg til ein lav eigenandel frå deltakare og eigenbetaling frå laget. Dette er andre året LUPE Møre og Romsdal har

gjennomført feriereise med støtte frå BUFdir. I fjor var reisa til Spania, men frå i år endra BUFdir reglene slik at feriereisene /fritidstiltaka no må gjennomførast innan Norge. Det er mykje positivt ved slike reiser. Spesielt skapar det samhald, fellesskap og gjerne nye vennskap. Det er god øving på nye situasjonar og alt dette fører med seg. Og reise gir opplevingar som ein kan leve på i lang tid framover.

#### **Representasjon og deltaking:**

LUPE Møre og Romsdal deltok ved Monsiaden 04 juni på Eidsåun.

Leiar LUPE Møre og Romsdal har også sete som nestleiar i LUPE Sentralstyret i 2024/2025

#### **Tildelt støtte for 2025:**

- Tilskot på 35 000,- frå Helse Midt til drift og likepersonsarbeid
- Medlemsmidlar/driftsmidlar frå LUPE Sentralt på kr 7 600,-
- Tilskot på kr 35 000,- frå LUPE Sentralt til likepersonsarbeid.
- Tilskot på kr 14 828,- frå FUNKIS.
- Tilskot på kr 150 000,- frå BUFdir til Feriereisene. Kr. 27 212,- av støtta må refunderast BUFdir pga. at vi ikkje brukte alle midlane (ikkje nok deltakarar i høve søknad)
- MVA kompensasjon på kr 17 382,- for 2025.

Tilskota krev omfattande søknadar og detaljert rapportering.

Bryggja 13. Okt. 2026

  
Jan Svein Hammer  
Leiar LUPE Møre og Romsdal